



Sommarleg idyll i Kvednavikjo. Gunnvor med Bianga og Bernard samt ungane Anna (3), Matias (6) og Sindre (7). (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Mange har fine feriedagar i Uskedalen no – og to av dei er Bianga (7) og Bernard (1).
Dei er eslar og stortrivs i det grønne hos Egil Pile i Kvednavikjo.**

Elles i året bur dei på Tveito gard i Høglandsbygd på Halsnøy, som blir driven av Gunnvor Ullebust med assistanse av Johannes Feet under det pedagogiske opplegget "Inn på tunet". Her i Uskedalen er Ståle Eik på

Kjærland med på det.
Men Gunnvor og Johannes bur fast på Lislerud i Uskedalen.

De to eslane har i et siste naturleg nok vekt stor oppsikt blant vegfarande, som undrar på om nokon i Uskedalen har starta systematisk oppdrett av eslar. Men det vil altså vera å overdriva, sjølv om eselhaldet til Gunnvor er under utvikling.

Det starta med Bianga allereie for fire år sidan. Den kvite og dermed relativt sjeldne hoppa vart kjøpt inn frå Danmark etter at ho hadde vorte annonsert på nettet. Ho har fin stamtavle.

- Hovudgrunnen til at eg kjøpte eitt esel var at hestane hadde trong for selskap, seier Gunnvor.

Den årsgamle hingsten Bernard vart kjøpt inn sist vinter fordi Bianga trong selskap og Gunnvor har ikkje noko i mot at resultatet blir eit føll...

At det er noko spesielt med Bianga fekk Gunnvor merka då ein mann frå Cirkus Arnardo stod på trappa og gjerne ville kjøpa henne. Dei var ute etter eitt kvitt esel.

Men svaret vart som ein skjønar nei.

Det er mange gode argument for å satsa på eslar i pedagogisk samanheng. Gunnvor oppsummerar slik:

- Eselar er sosiale, imøtekommande, kloke og godmodige dyr og dei er snille med barna. Eslane lærer svært raskt på grunnlag av erfaring. Dei hugsar ein ting eller ei hending for alltid.

Eslane er fine å ri på – eller ein kan bruke kjerre.

Barn som skal læra å ri kan gjerne starta med eit esel for det krev god balanse.

Eselar er populære, dei får automatisk ekstra stor merksemd når garden har besøk av klasser og barnehagar.

- Eslane er det store pluss hos oss, seier Gunnvor.

Av Ola Matti Mathisen



Eselar er sosiale, kloke og godmodige dyr. (Foto: Ola Matti Mathisen)